



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Lærdal kommune
Postboks 83
6886 LÆRDAL

Dykkar ref

Vår ref
11/1314-54

Dato
27.08.2012

Statsbudsjettet 2012 - Kap. 552, post 72 - Tilsegn om tilskot på inntil 300 000 kroner til Lærdal kommune og prosjektet Kulturbasert entreprenørskap-Bulyst 2012

Tilsegnnummer: 12242053

Vi viser til vårt tilsegnsbrev av 24. oktober 2011, der Lærdal kommune fekk tildela 200 000 kroner til prosjektet Kulturbasert entreprenørskap for 2011. I brevet skreiv vi bl.a. følgjande: *"Under føresetnad om Stortinget sitt budsjettvedtak i 2012 vil departementet støtte prosjektet også i 2012, med kr 300 000. KRD vil sende eit nytt tilskotsbrev i 2012, etter at årleg rapport er motteke, sjå punktet om rapportering og kontroll seinare i dette brevet"*.

Ettersom årleg rapport no er motteke gir Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) tilskot på inntil kr 300 000, til prosjektet Kulturbasert entreprenørskap i Lærdal kommune i 2012. Prosjektet kan ikkje rekne med ytterlegare medfinansiering frå KRD.

Vi viser og til informasjonen i brevet av 25. oktober 2011 og vilkår for tilskotet som og er gjeldande for dette tilskotet som tildelas for 2012. Tilskotet er gyldig i tilsegnsåret, og dei to påfylgjande åra. Prosjektet må vere avslutta slik at siste utbetaling frå departementet kan gjerast seinast innan utgangen av 2014. Utbetalingsoppmoding må sendast til departementet innan 1. desember 2014.

Høvet til EØS-regelverk

Kommunal- og regionaldepartementet har vurdert høvet til EØS-regelverket i forbindelse med tildeling av bulystmidlar. Kommunal- og regionaldepartementet har

vurdert det slik at Lærdal kommune i denne sammenhengen ikkje driv med økonomisk aktivitet og at kommunen ikkje skal sjåast som eit føretak i EØS-avtalen sin forstand. EØS-avtalen sine reglar om offentleg stønad vert difor ikkje brukt på tilskotet.

Vi ber kommunen vere merksam på at dersom kommunen vidareformidlar heile eller delar av tilskotsbeløpet til andre aktørar må kommunen halde seg til reglene om offentleg stønad.

Kommunen bør også vere merksam på at dersom det vert gjort endringar i prosjektet vil dette kunne føre til at aktiviteten i prosjektet endrar karakter frå å vere ikkje-økonomisk til å være økonomisk. I slike høver vil reglane om offentleg stønad kunne kome til nytte.

Med helsing

GNS (e.f.)
avdelingsdirektør

Lise Østby
seniorrådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.

Kopi til:

Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
Distriktssenteret -	Ogndalsveien 2	7713	STEINKJER
Kompetansesenter for			
distriktsutvikling			
Plan- og			
administrasjonsavdelingen			
Sogn og Fjordane	Fylkeshuset	6863	LEIKANGER
fylkeskommune			